

# Eigedomsskatt også på Kvamskogen

Området for eigedomsskatt i Kvam vert utvida. Hytteeigedomar på Kvamskogen kjem med.

**NY SKATT: Hytteeigarar her på Kvamskogen må førebu seg på å betale eigedomsskatt.**  
**FOTO: ARKIV**

[Arne Hofseth](#)

Publisert av [Bergens Tidende](#):  
10. mar. 2009.

Vedtak om å setja i gang taksering vart gjort i Kvam heradsstyre like før midnatt natt til onsdag. Når eit såpass kostbart tiltak som taksering er gjort, er det opplagt at skatten blir innført. Vedtaket vart gjort med 15 mot 12 røyster, med same konstellasjon som [skulesaka](#). Også her braut Even Øyri og Astrid Farestveit Selsvold ut av Ap-gruppa.



---

## Fire kommunar utan eigedomsskatt

Askøy, Os, Stord og Sveio utgjer den eigedomsskattefrie sona i Hordaland. Dei 29 andre kommunane har skatten i ei eller anna form.

Publisert: 12. mars 2009 av [Bergens Tidende](#).

Osterøy, Austevoll, Sund, Meland, Radøy, Bømlo, Fitjar og Tysnes har innført eigedomsskatt for heile kommunen. Kvinnherad kjem etter neste år. Då er truleg også Kvam med, sjølv om det formelle vedtaket enno manglar.

Saman med Bergen, Odda, Voss og Vaksdal har Kvam no eigedomsskatt i eit avgrensa område, og for verk og bruk i heile kommunen.

Dei andre kommunane har eigedomsskatt berre på verk og bruk. Det er først og fremst kraftverk og industribruk som gir klingande mynt i kommunekassene, pengar som lokalpolitikarane nødig vil gå glipp av.

Tidlegare måtte kommunane skattlegga vanlege eigedomar i område som er «utbygde på byvis» for å få lov å henta inn millionane frå verk og bruk.

På Voss var berre flate Vangen skattlagt då skatten vart innført. Seinare er området utvida. Kvam har eigedomsskatt berre i Grova.

– Dette kravet vart fjerna ved lovendring i 1996. No kan verk og bruk skattleggjast utan eigedomsskatt i sentrum, opplyser seniorrådgjevar Håvard Rød hjå Fylkesmannen i Hordaland.

# Må ut med fleire tusenlappar ekstra

**Hytteegarar på Kvamskogen må neste år ut med fleire tusen kroner i eigedomsskatt. Dei meiner det er urimeleg at dei skal sponse Kvam kommune.**

[Terje Ulvedal](#) [Kjersti Mjør](#) [Arne Hofseth](#)

Publisert av Bergens Tidende : 12. mar. 2009.

I Kvam er det langt fleire hytter enn hus, og det har kvammapolitikarane tenkt å utnytte. Tysdag, like før midnatt, bestemte heradsstyret seg for å innføre eigedomsskatt for heile kommunen. Dermed blir det også dyrare å vere hytteegar på Kvamskogen i framtida. Vedtaket vil innebere ekstraavgifter for kvar hytte på minst 2000 kroner årleg, viser eit reknestykke Kvam herad har laga for BT. Berre i hyttebyen på Kvamskogen reknar kommunen med å dra inn tre ekstra millionar kroner årleg.

- Urettferdig, seier Erik Bjerring Hansen, hytteegar og leiar i Kvamskogen Vel.



- Det irriterer oss at vi skal finansiere goda nede i bygda. Vi skal betale, dei skal nyte. Det er urimeleg.

## Reddar 2010-budsjettet

Kvemmingane får det travelt om dei skal klare å innføre eigedomsskatt frå 1. januar neste år. All fast eigedom i heradet må takserast først, også dei 2500 fritidseigedomane i kommunen, dei aller fleste på Kvamskogen.

Å takserer mange 1000 eigedomar er ein svær jobb, og vil koste fem millionar kroner. Heradet set i gang arbeidet straks.

- Vi har berre tida og vegen. Det er ekstremt kort tid, seier rådmann Harald Inge Anderssen.

Ved å innføre eigedomsskatt for heile kommunen, reknar han med å få inn minst 15 millionar kroner neste år.

- Sånn som det ser ut i dag, er det dette vi treng for å saldere budsjettet i 2010, seier Anderssen.

Nøyaktig kor mykje folk med fast eigedom i Kvam må betale i skatt neste år, er avhengig av mellom anna takstnivå og skatteøyre, som kan variere frå to til sju promille. Detaljane skal politikarane ta stilling til i ei prinsipp sak i juni.

## Mislikar mentaliteten

Bjerring Hansen er svært kritisk til at han som hytteegar skal vere med på å finansiere kommuneøkonomien i Kvam.

- Kvam får ikkje betre økonomi av å innføre eigedomsskatt. Kommunen brukar over evne uansett! Det er ikkje rart, når dei kranglar om kor mange skular dei skal ha og den nye skulen i Øystese framleis står halvtom.

Bjerring Hansen ramsar opp fleire storinvesteringar i Kvam – det planlagde kulturhuset i Norheimsund, Kvammapakken og det nye symjebassenget i Strandebarm – som hytteegarane no skal vere med å ta rekninga for.

- Kvam har heller ikkje ventetid på sjukeheims plass. Det er kjempefint, men klart at det kostar pengar! Det kjennest urimeleg at vi som har hytter skal vere med å betale for det. Eg likar ikkje mentaliteten, seier Bjerring Hansen.

## Mjølkekyr på Kvamskogen

Vedtaket om å innføre eigedomsskatt vart gjort med 15 mot 12 røyster i heradsstyret. Ein av dei som røysta mot var Hallvard Totland frå Venstre.

Etter hans syn er det urettferdig at folk med fritidseigedomar i Kvam skal svi økonomisk for gode dei sjølve ikkje får ta del i.

- Hytteegarane på Kvamskogen blir brukt som mjølkekyr for å saldere budsjettet, konkluderer Totland.

I dag har Kvam berre eigedomsskatt for sentrumsområda i Ålvik, Øystese og Norheimsund. I 2007 utgjorde desse inntektene totalt elleve millionar kroner.

## – Dette syns vi ikkje veldig mykje om



SKATTESMELL: - Meir skatt er aldri greit, seier Turid og Arne Langeland. Både dei og hunden Leika er glade i Kvam. Men ikkje i eigedomsskatt. FOTO: RUNE NIELSEN – Publisert av Bergens Tidende : 12. mar. 2009.

### **Vi betaler vel alle kommunale avgifter. Så Kvam kommune har no fått bra utteljing på hytteeigarane.**

Ekteparet Turid og Arne Langeland nyt marssola på hytteverandaen på Kvamskogen.

– Dette er vår andre heim. Etter at vi blei pensjonistar er vi meir her enn heime i Bergen, seier Turid. Ho er nesten oppvaksen på Kvamskogen. Faren bygde hytta i 1963. I 1980 bygde Turid og Arne si eiga eit steinkast unna.

– Det blir jo litt pengar når vi skal skatte for to hytter, seier dei to. Skjønt einige om at dette syns dei ikkje veldig mykje om.

– Meir i skatt er aldri greitt, seier Turid.

For BT har Kvam herad har sett opp eit reknestykke for kva ein hytteeigar på Kvamskogen må betale i skatt og avgifter for neste år. Med minimum skatteøyre på to promille blir den årlege eigedomsskatten i underkant av 2000 kroner for ei hytte på kring 80 kvadratmeter. I tillegg betalar eigaren av ei «gjennomsnittshytte» nær 4900 kroner i året for vatn, avløp, renovasjon, m.m.

– Då dei kommunale avgiftene kom, var det sterk motstand mellom hytteeigarane. Men i dag trur eg dei aller fleste har knytt seg til og betaler fullt. Så kommunen får vel ganske bra inntekter frå Kvamskogen, meiner Arne.

Men han er også villig til å sjå saka frå den andre sida.

– Vi kan ikkje vere for eigedomsskatt. Men om vi ser det frå Kvam kommune si side, treng dei sikkert pengane. Spørsmålet er kva dei skal bruke pengane til.

– Ja, kva trur du?

– Eg opplever Kvam som ein ganske ekspansiv kommune. Om vi som eig hytter gjennom dette bidreg til eit løft og at Kvam herad blir ein betre plass å vere, så er det eit poeng. Og så er kvemmingane veldig trivelege folk, seier Arne.

– Du skal no alltid vere så snill, parerer kona smilande

Snøen ligg meterdjup, her eine natta kom det nye 15 centimeter. Ekteparet har trakka veg bortover til parkeringsplassen. I dag går turen heimover att, men neppe for å så lenge:

– Vi stortrivst. Her er så fint, både vinter og sommar.